



DET KONGELEGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

Høyringsinstansane

Dykkar ref

Vår ref
200900466- /TA

Dato
13. oktober 2009

Høyring av forslag om auka avgift for tilsyn og kontroll med akvakulturanlegg

Med atterhald om endeleg budsjettvedtak i Stortinget sender Fiskeri- og kystdepartementet på høyring framlegg om å auke avgifta for tilsyn og kontroll med akvakulturanlegg.

Merknader kan sendast per post til Fiskeri- og kystdepartementet, Postboks 8118 Dep., 0032 Oslo eller per e-post til postmottak@fkf.dep.no innan 1. desember 2009.

Liste over adressatane er lagd ved. Vi ber om at adressatane sjølv legg høyringsbrevet fram for eventuelt interesserte underliggjande etatar og organ. Høyringsforslaget er også tilgjengeleg på heimesida til departementet www.regjeringen.no/fkf - under saker på høyring.

1. Bakgrunn

I Prop.1 S (2009-2010) for Fiskeri- og kystdepartementet gjer regjeringa framlegg om ei styrking av Fiskeridirektoratets havbrukstilsyn med 10 mill. kr. mot ein tilsvarende avgiftsauke.

Fiskeridirektoratet fører i dag tilsyn med akvakulturanlegg for å sikre at gjeldande vilkår for løyvet blir følgt, og at oppdrettanlegga driv miljømessig forsvarleg.

Tilsynsverksemda blir finansiert av ei avgift for tilsyn og kontroll, jf. forskrift 21.12.2001 nr. 1597 Om gebyr og avgift i forbindelse med akvakulturvirksomhet § 3. For kvar lokalitet til produksjon av matfisk, stamfisk eller matfisk til forsøks-, forskings- og undervisningsføremål skal innehavar av akvakulturløyve betale ei årleg avgift på kr. 3500 for tilsyn og kontroll. Løyve for stamfisk har i dag ei årleg tilsynsavgift på kr. 8500. Inntektene blir førde i kap.5575 Sektoravgifter Fiskeri- og kystdepartementet post 70 Kontroll- og tilsynsavgift akvakultur.

Avgifta blei innført 24. juni 2005 og skal betalast pr. lokalitet og ikkje pr. løyve, fordi det er lokalitetane som blir kontrollerte. Ferskvasslokalitetar og lokalitetar som blir nytta til oppdrett av setjefisk og skjel er unntatt. Avgifta har vore uforandra sidan den blei innført.

2. Nærare om forslaget

I tilsynet med havbruksnæringa tar Fiskeridirektoratet i bruk ulike tilsynsverktøy vurderte ut frå risikobetraktningar, medrekna revisjon, inspeksjon, stikkprøvekontrollar og tilsynskampanjar. Kostnadane med tilsynet med den einskilde lokaliteten vil variere. Ofte er større lokalitetar meir komplekse og såleis meir ressurskrevjande å føre tilsyn med. Storleiken på avgifta foreslåas knytt opp til klarert lokalitetsbiomasse. Dette er ein fordelingsnøkkel som, etter departementets syn, er objektivt og enkel å administrere. Samstundes bør det, som nemnt i regjeringa sin strategi for ei miljømessig berekraftig havbruksnæring, bli lagd til rette for ein betre lokalitetsstruktur der ein har større biomasse på gode lokalitetar til fordel for dei mindre - og ofte dårlegare - lokalitetane. Storleiken på avgifta bør difor ikkje auke proporsjonalt med lokalitetsstorleiken.

Ein gjer framlegg om ei årleg grunnavgift for kontroll- og tilsyn med akvakulturanlegg med fisk i sjøvatn på kr. 8500 pr. lokalitet.

Det blir lagt inn ei tilleggsavgift på kr. 6300 for mellomstore lokalitetar av laks, aure og regnbogeaure, og ei tilleggsavgift på kr. 10600 for dei største lokalitetane. Dette for å kompensere for auka kostnad med større lokalitetar, samstundes som det gir ei relativ innsparing med å ha færre større lokalitetar enn fleire mindre lokalitetar.

Til grunn for avgiftsberekninga blir lokaliteten sin klarerte maksimale tillatne biomasse i tonn, slik det går fram av lokalitetsklareringa. Dette gjeld uavhengig av eigarskap, dvs. om det blir drive samdrift på lokaliteten.

Den noverande tilleggsavgifta på kr. 5000 for stamfiskløyve for laks, aure og regnbogeaure jf. § 3 tredje ledd blir auka til kr. 10600 og kjem i tillegg til grunnavgifta på kr. 8500 i § 3 fyrste ledd. Bakgrunnen for dette er at det er naudsynt med hyppige tilsyn med denne typen løyve. Departementet vil peike på at framlegget til avgift for stamfiskløyve gjeld per løyve, og er uavhengig av talet på lokalitetar knytt til det einskilde løyve.

Det blir også gitt framlegg om at lokalitetar for løyve til slaktemerd større enn 65 tonn frå og med 1. januar 2010 skal ileggjast tilsynsavgift. Dette blir foreslått tatt inn som ei presisering i forskrifta si § 3 fyrste ledd andre punktum.

Slaktemerdar er ein del av ordinær matfiskproduksjon, og forvaltninga sine kostnader til kontroll og tilsyn med desse løyva er ikkje mindre enn for andre løyve omfatta av kontroll- og tilsynsavgifta. Tidlegare praksis har vore at slaktemerdar i sjø har vore

unntatt frå avgiftsplikta på same måte som ferskvasslokalitetar, lokalitetar til manntalsløyve med mindre enn 65 tonn, og lokalitetar til oppdrett av setjefisk og skjel.

Tabellen gir ein illustrasjon av forslaget.

Lokalitet	Antal lokalitetar	Grunnavgift	Tillegg 1 (75%)	Tillegg 2 (125%)	Ny årleg avgift	Auke frå dagens sats
Slaktermerder	60	8500			8500	8500
Torsk	350	8500			8500	5000
Laks liten ¹	200	8500			8500	5000
Laks middels ²	600	8500	6300		14800	11300
Laks stor ³	200	8500		10600	19100	15600
Samla proveny (tal i 1000 kr)					17.862	10.242

¹ Laks liten lokalitet = lik eller mindre enn 1560/1800 tonn i Troms og Finnmark)

² Laks middels lokalitet = større enn 1560/1800 tonn, men mindre enn 3120/3600 tonn)

³ Laks stor lokalitet = lik eller meir enn 3120/3600 tonn)

⁴ Fordelinga av små, middels og store lokalitetar er avrunda tal, basert på oversikt frå Fiskeridirektoratet. Tala inkluderer stamfiskløyve

Departementet ønskjer å gjere merksam på at det også p.t. er eit forslag ute på høyring som angår gebyrforskriftens § 3. Dette forslaget gjeld berre løyve til fiskepark og visingsløyve, jf. høyring daterte 18. august 2009 av forslag om nye føresegner for løyve til akvakultur av laks, aure og regnbogeare til særlege formål. Den delen av forslaget er markert med **feit kursiv** i det vedlagte utkastet til ny § 3.

3. Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget inneber auka utgifter for den delen av næringa som driv med produksjon av matfisk og stamfisk, samt FoU-anlegg i sjø. Kostnadsauken går fram av pkt. 2 ovanfor. Sett i lys av Fiskeridirektoratets lønnsundersøkingar vil auken, etter departementet sitt syn, ha marginal innverknad på innteningsevna til selskapa. Samstundes viser det seg at lakseoppdrett i mindre grad enn tradisjonelt fiskeri er påverka av finanskrisa. Torskeoppdrett har p.t. dårleg lønnsemd. Dette er den teke omsyn til i forslaget til kostnadsnøkkel.

For forvaltninga inneber forslaget at kostnadene til tilsyn og kontroll blir, heilt eller delvis, dekt gjennom forslaget. Forslaget vil kompensere for auka kostnader med det enkelte tilsynsvitjing, og gje rom for ei auke i talet på tilsyn mellom anna for å følgje opp strategi for ei miljømessig berekraftig havbruksnæring.

Med helsing

Magnor Nerheim
ekspedisjonssjef

Yngve Torgersen
avdelingsdirektør